

REGULERINGSFØRESEGNER FOR

Detaljreguleringsplan for E16 Åsbrekkegjelet – Skromle bru

Nasjonal arealplan-ID: 4621_2021003

Til offentlig høring

§ 1 GENERELT

§1.1 Føremål

Føremålet med reguleringsplanen er å regulere areal til utviding av eksisterande europaveg mellom Åsbrekkegjelet og Skromle bru.

§1.2 Avgrensing

Planen si avgrensing er synt på teikning R1, R2, R3, R4 og R5. Plangrensa er synt på teikningane. Føresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensa.

§1.3 Reguleringsføremål

1.3.1 Planen angir arealføremål i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) §12-5. Arealføremåla er synte i plankartet og planområdet har følgjande reguleringsføremål:

- SKV – Køyreveg (annan eigarform)
- f_SKV – Køyreveg (felles)
- o_SKV – Køyreveg (offentleg føremål)
- SVG – Annan veggrunn, grøntareal (annan eigarform)
- f_SVG – Annan veggrunn, grøntareal (felles)
- o_SVG – Annan veggrunn, grøntareal (offentleg føremål)
- o_SKA – Kollektivanlegg (offentleg føremål)
- o_SKH – Kollektivhaldeplass (offentleg føremål)
- L – LNFR areal
- H140 – Frisikt
- H310 – Ras- og skredfare
- H370 – Høgspentanlegg (inkl høgspenkablar)
- H570 – Bevaring kulturmiljø

1.3.2 Areal som skal vere offentlege er synt i reguleringsplankartet med kode o_ framfor reguleringsføremålet. Areal som skal vere privat fellesareal er synt med kode f_ framfor reguleringsplanføremålet. Areal med annan eigarform er areal som skal vere i privat eige.

§ 2 FELLESEFØRESEGNER

§ 2.1 Utforming PBL § 12–7 nr. 1

2.1.1 Detaljering av veganlegget går fram av plan- og profildeikningane C001–C008

2.1.2 Avkøyrslar frå riksvegen er synt i reguleringsplankart. Avkøyrslar og felles vegar som vert endra på grunn av veganlegget, skal opparbeidast i samsvar med planen innan veganlegget er ferdigstilt.

2.1.3 Murar og anna vegareal skal opparbeidast med utgangspunkt i dei løysingar som er synte i reguleringsplan. Det skal utarbeidast landskapsplan/ O-teikningar for tiltaket i prosjekteringsfasen. Desse skal vere førande for bygging og ferdigstilling av anlegget.

2.1.4 Ved etablering av belysning langs strekninga skal det nyttast lyskjelder som er skjerma/avgrensa mot europavegen for å redusere risiko for lysforureining mot Strandaelva.

§ 2.2 Støy PBL § 12–7 nr. 3

Klima- og miljødepartementet (2021) si retningsline for støy i arealplanlegging (T-1442) skal leggjast til grunn for tiltak. Teikning X201–X204 og X101–X104 syner støykartlegging for området høvevis før og etter utbygging. Støygrensene skal, så langt det er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg etter kostnads-/nyttevurderingar, tilfredstillast. Det endelege omfanget av støytiltak skal vurderast i samband med gjennomføring av vegprosjektet.

§ 2.3 Byggegrenser mot veg PBL § 12–7 nr. 2

Byggegrenser til veg følgjer veglova §29 andre ledd

§ 2.4 Kulturminne PBL 12–7 nr. 2.

Dersom det under arbeid i planområdet vert avdekka kulturminner skal arbeidet stoppast i den utstrekninga det berører kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter, frå kulturminnet sin ytterkant. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka er gjort kjent med denne bestemmelsen. Melding av funn skal straks sendast til Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering, i samsvar med kulturminnelova § 8 andre ledd.

§2.5 Plan for Ytre miljø (YM-plan)

Ytre miljøplan skal utarbeidast i samband med prosjektering av veganlegget og inngå i konkurransegrunnlaget. YM-planen skal følgjast opp i vidare planprosess, utbygging og drift. Ved utarbeiding av YM-plan skal punkta som er tekne med i planomtalen kapittel 9.3 følgjast opp (innspel til YM-plan).

§2.6 Rigg- og marksikringsplan (RM-plan)

Rigg- og marksikringsplan skal utarbeidast i starten av prosjekteringsfasen. Tre og område som ikkje skal rørast skal markerast i terrenget.

§ 2.7 ROS-analyse

Risikotilhøve avdekka i ROS-analyse skal vurderast nærmare ved gjennomføring av planen, jf kapittel 8 i planomtalen. Tiltak skal gjennomførast så langt det er naudsynt.

§ 2.8 Handsaming av matjord/topplag

Lett tilgjengeleg topplag/matjord som ikkje er infisert av framande skadelege artar skal takast av og lagrast på ein slik måte at jorda seinare kan nyttast som vekstmedium på skråningar og fyllingar.

Topplag for naturleg revegetering i skogsområdet mellom profil 1050 og profil 1400 skal ikkje blandast med andre jordmassar i samband med mellomlagringa. Toppjordlag tilbakeførast til skråningane mellom mur og skogsområde for naturleg revegetering.

§ 2.9 Framande artar

Ved bygging av prosjektet skal framande skadelege artar takast hand om, i tråd med forskrift og SVV-rapport-387.

§ 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

§ 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 12-5 NR. 2)

§4.1 o_SKV Køyreveg, offentleg (2011)

Offentleg køyreveg skal opparbeidast i samvar med reguleringsplan, teikning R1-R5.

§4.2 f_SKV Køyreveg, felles

Felles køyreveg er private vegar som er felles for dei eigedomane som har tilkomst frå europavegen. Køyreveg f_SKV2 og f_SKV3, f_SKV6 skal opparbeidast i samsvar med plan- og profildeikningane C001 - C008

f_SKV2 er privat felles køyreveg for g/br 312/1, 312/3, 312/4 og 312/6

f_SKV3 er privat felles køyreveg for 285/25, 311/4 og 311/6

f_SKV6 er privat felles køyreveg for 310/1, 310/2, 311/1, 311/7, 311/8, 311/9, 311/10, 311/11 og 311/12

§4.3 SKV Køyreveg, annan eigarform

Privat køyreveg SKV4 og SKV5 skal opparbeidast i samsvar med plan- og profilteikningane C001 – C008

SKV4 er privat veg til eigedom 310/4

SKV5 er privat veg til eigedom 75/6

§4.4 o_SVG Annan veggrunn – grøntareal, offentlig føremål (2019)

4.3.1 Arealet er regulert til annan veggrunn som tilhøyrrer veganlegget. Innanfor området er det løyve til å oppføre naudsynte tiltak for bygging, drift og vedlikehald av anlegget. Områda kan med anna benyttast til belysning, murar, rekkverk, stabiliserande tiltak, grøfter og skjærings- og fyllingskråningar. Annan veggrunn kan i anleggsperioden nyttast til riggområde, mellombelse anleggsvegar og mellombels massedeponi.

4.3.2 Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i desse areala som skadar eller som endrar det offentlege vegarealet.

4.3.2 Areal mellom europaveg og Strandaelva skal ivaretakast som eit grøntareal med naturleg kantvegetasjon. Ved inngrep skal det takast særskilt omsyn til kantsona og det skal ikkje føre til ureining av Strandaelva. Det skal tilretteleggast for naturleg revegetering. I driftsfase kan sikthindrande vekster fjernast, men det skal utførast på ein slik måte at området ikkje mysser sin økologiske funksjon ved at samansetjinga av dei stadlege planteartane vert behalde.

§4.5 f_SVG Annan veggrunn – grøntareal, felles (2019)

Arealet er regulert til annan veggrunn som tilhøyrrer fellesavkøyrslene f_SKV2 og f_SKV3.

§4.6 o_SKA Kollektivanlegg, offentlig føremål (2071)

Kollektivanlegg skal opparbeidast med plassering og breidde slik det går fram av planteikningane. Ved nyanlegg skal kollektivanlegget vere universelt utforma.

§4.7 o_SKH Kollektivhaldeplass, offentlig føremål (2073)

Kollektivhaldeplass skal opparbeidast med plassering og innanfor det arealet som går fram av planteikningane. Kollektivhaldeplassane skal opparbeidast med plassering og den breidde det går fram av planteikningane.

§ 5 LANDBRUKS, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDER SAMT REINDRIFT (LNFR) (plan- og bygningsloven §§ 12–5 nr. 5)

Område regulert til landbruk, natur – og friluftsliv sikrar dagens bruk av områda.

§ 6 FØRESEGNER TIL OMSYNSSSONER (pbl.§§ 12–6, 7 og 11–8)

§ 6.1 Sikringssoner, H140_Frisikt

I området mellom frisktlinjene og køyrevegen skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane. Statens vegvesen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna.

§ 6.2 Faresone H310 – Ras- og skredfare

Omfattar areal med potensiell skredfare jf NVE sin kartbase for aktsemdkart, faresonekart der den reelle skredfaren er fastlagt og område med eit kjent snøskredløp ved Indre Kvarmo kartlagt av Statens vegvesen.

H310_1 Området er avsett på bakgrunn av aktsemdskart frå NVE. Ved plan- og byggesaker vert det stilt krav om utgreiing av reell skredfare av fagkyndige før utbygging innanfor område avsett på bakgrunn av aktsemdskart.

H310_100 Området er basert på faresonekart frå NVE og ved skredfagleg vurdering frå Statens vegvesen. Området syner skredfare med årleg sannsynlegheit for skred 1/100. Det kan gjerast tiltak innanfor sikkerheitsklasse S1

H310_1000 Området er basert på faresonekart frå NVE. Området syner skredfare med årleg sannsynlegheit for skred 1/1000. Det kan gjerast tiltak innanfor sikkerheitsklasse S2

H310_5000 Området er basert på faresonekart frå NVE. Området syner skredfare med årleg sannsynlegheit for skred 1/5000. Det kan gjerast tiltak innanfor sikkerheitsklasse S3

§ 6.3 Faresone H370 – Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenningskablør)

Det er ikkje tillate med ny utbygging innanfor omsynsona. Alt anleggsarbeid og alle tiltak skal avklarast med leidningseigar.

§ 6.4 Omsynssone H570 – Bevaring kulturmiljø

H570_1 og H570_3 sikrar omsynet til Den Bergenske kongevei, med ei buffersone på 10 m til kvar side. Innan omsynssonene skal det ikkje gjerast inngrep i terreng eller vegetasjon, eller utførast tiltak som kan gjera skade på kongevegen, endra karakteren eller skjemma kulturminnet. Omsynssona skal sikrast i anleggsfasen, i samsvar med YM-plan.

H570_2 sikrar omsynet til det kulturlandskapet. Det skal ikkje setjast i verk tiltak eller bruksendringar som kan forandre karakteren til området. Normal skjøtsel som sikrar verdiane i kulturlandskapet kan utførast.

§ 7 BESTEMMELSESONMRÅDE (plan- og bygningslova § 12-7)

§ 7.1 # Mellombels anlegg- og riggområde

7.1.1 Områda kan nyttast til verksemd som er naudsynt for gjennomføring av vegprosjektet, det gjeld mellombelse bygningar (brakker) og anlegg, riggområde og mellomlagring av material og massar m.m.

7.1.2 Innanfor området kan eldre barskog som står i fare for å velte ned på europavegen fjernast i anleggstida.

7.1.3 Det skal ikkje lagrast drivstoff eller parkerast maskiner så nært Strandaelva eller sidebekkar, at det er fare for forureining eller avrenning til vassdraget.

7.1.4 Mellomlagra massar innanfor anleggsområdet skal sikrast mot vassinntrenging og lagrast slik at avrenning til vassdrag vert unngått.

7.1.5 Ved inngrep mellom europaveg og Strandaelva skal det takast særskilt omsyn til kantsona, og det skal tilretteleggast for naturleg revegetering.

7.1.6 Etter avslutta anlegg opphøyrer mellombels reguleringsføre mål og arealet går over til føremål synt i planen.

7.1.7 Området skal ryddast og settast i den stand det var, revegeterast innan eit år etter at anlegget er ferdig. Revegetering skal skje naturleg eller med norsk frøblanding. Matjord som vert fjerna, skal primært sikrast etterbruk til jordbruksføre mål.